



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.
0033 Oslo

Tel. 57 69 85 80
E-post: post@bystol.no
www.bystol.no

Tomtebu
6893 Vik i Sogn

Dykkar ref. : 201709239-22
Dato : 26.04.2019

Org. NR. 928 919 161

Vik i Sogn, 29.05.2019

Klage på avslag til regulering av Instebotvatnet i Vestnes kommune.

Vi viser til oversendingsbrev frå NVE datert 26.04.2019 der det vert gjeve avslag til regulering av Instebotvatnet i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke. Klagefrist var sett til 3 veker og vedtaket vart klaga på til NVE innan fristen. Det vart gjeve ein utsett frist til 29.05.2019 for nærare grunngjeving av klagen. E-post korrespondansen ligg ved som vedlegg 1. På vegne av søkjar vil vi med dette kome med utfyllande informasjon og grunngjeving.

NVE har i sitt vedtak konkludert med at fordelane ved tiltaket ikkje overstig skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir råka i vassdraget eller nedbørfeltet, og at vilkåra i vassressurslova §25 dermed ikkje er oppfylt. NVE har lagt avgjerande vekt på verknaden for fjordlandskapet i Tresfjorden og at «det er viktig for landskapsbildet å bevare resterande dynamikk i vassdraget». Vidare at øvre del av vassdraget (som Instebotvatnet er ein del av) framstår som urørt og har kvalitetar som har stor verdi. NVE meiner tiltaket vil ha negativ innverknad på landskap og friluftsliv. Vidare vert avslaget grunngjeve med at tiltaket kan ha negativ innverknad på biologisk mangfald, herunder også akvatisk miljø.

Verknadene av ei regulering av Instebotvatnet, for alle områda som er omtalt i NVE's avslag, er omtalte og vurderte i konsesjonssøknaden. Det synest som NVE har gjeve nokre av dei negative konsekvensane svært stor vekt og at dei positive verknadene ved prosjektet er tillagt lite vekt. Vi vil her komme med utfyllande kommentarar til konsekvensvurderingane:

Negative verknader:

Landskap: Hoemselva og Sesselva inngår i fjordlandskapet i Tresfjorden. Det mest markante landskapselementet er Liafossen. I samband med konsesjonshandsaming for småkraftprosjektet Sesselva Kraftverk vart vassføring i Liafossen grundig vurdert. Det vart gjeve konsesjon for utbygginga med eit krav om minstevassføring på 270 l/s i sommarmånadane (2 x 5-persentil). Størrelsen på mvf er sett for at fossen skal framstå som eit tydeleg landskapselement på avstand – gjerne sett frå andre sida av fjorden. Minstevassføringa er dobbelt så stor som ei naturleg lågvassføring i perioden, og i periodar med lite nedbør vil

vassføringa i Liafossen auke ved ei regulering av Instebotnvatnet. Tilsvarande vil det i periodar med mykje nedbør bli noko redusert overløp, men for landskapsopplevinga meiner vi perioden med reduserte overløp er vektlagt utan at det tilsvarande er lagt vekt på dei positive verknadene i lågvassperiodar. I NVE si oppsummering er også den synlege elvestrengen ved Hoemssætra vektlagt. Denne delen av elva får ikkje fråført vatn. I nedbørsrike periodar vil elvestrengen framleis vere godt synleg, og i lågvassperiodar, når ein naturleg vil tappe vatn frå Instebotnvatnet, vil elvestrengen bli meir synleg enn i dag. For landskapsbildet meiner vi dette er positivt.

Vi vil difor hevde at for dei mest synlege delane av vassdraget, Liafossen og ved Hoemssætra, vil ei regulering av Instebotnvatnet ikkje ha negative konsekvensar for landskapet.

Friluftsliv: NVE har i si grunngjeving lagt stor vekt på verknaden tiltaket vil ha for landskap og friluftsliv. Område framstår i dag som urørt og ei synleg blottlagt sone rundt vatnet vil kunne verke skjemmaende skriv NVE. Etter innspel frå grunneigarane (høyringsuttale frå Uren m.fl.) vart det under sluttsynfaringa drøfta ei redusert senking av vatnet i sommarmånadane – LRV sett til kote 727 i perioden 1. juni til 31. august. Dette vart også meldt tilbake frå søkjar i kommentar til høyringsuttalen. Vi meiner denne justeringa reduserer dei negative verknadene for landskap/friluftsliv. Det må også understreka at for turgåarar er området opp til Urvatnet mest brukt. Det er vesentleg færre som tek turen til Instebotnvatnet. Dette, saman med justering av LRV i sommarmånadane, meiner vi tilseier at verknadene for friluftsliv er små.

Biologisk mangfald: Det vert her påpeikt negativ verknad for spesielt mosefloraen i området. Det er påvist ein raudlista art, Snøotemose (NT) og ein tidlegare ukjend moseart – ein type skovlemose. Desse er lokalisert over normalvasstand i vatnet og er vurdert å ikkje bli påverka av ei eventuell regulering. Nærmare vatnet er det – sitat biologirapporten (/1/) – «artsrikt kva gjeld mosar kring Instebotnvatnet. Alle er relativt vanlege i fjellet eller i sine miljø». Når det gjeld strekninga mellom Instebotnvatnet og kraftverksinntaket i Hoemselva så er dette området ikkje inventert, som NVE påpeikar. Elva her får redusert dynamikk i vassføringa, men samla vassføring vert som før. Frå fagbiolog vert det uttalt at det er lite sannsynleg at regulering av Instebotnvatnet som omsøkt vil få negative verknader for biologisk mangfald på denne strekninga. NVE oppsummerer med at « Bortsett fra en mer stabil minstevannføring, mener NVE at tiltaket kan forsterke de negative virkningene på biologisk mangfold i eksisterende utbygging i form av færre dager med overløp». Vi meiner ein ikkje kan sjå bort frå verknaden med ei meir stabil minstevassføring og at det difor er manglande dekning for NVE's konklusjon på dette punktet.

Fisk: Fleire av innspela som er komne etter høyringsrunden understrekar verdien av fisk og fiske i Instebotnvatnet. Fisken i vatnet er sett ut (1950 og -60-talet) og det vert til ein viss grad drive aktiv kultivering i vatnet. Vi støttar oss til fagbiologen si vurdering av fisk- og gytetilhøva der konklusjonen er at ei regulering av vatnet vil ha lite å seie for fiskebestanden.

Frå /1/ kap. 4.2: «Alle bekkane som renn inn til vatnet er små og botnsubstratet er stort sett meir eller mindre grov blokk. Dei gjev med andre ord ingen gode gyteplassar. Men der bekkane renn ned i vatnet finst det finare gytesubstrat. Utanføre munningane er det oftast langgrunt og

det vil ikkje være til hinder for oppgang av fisk sjølv om vass-standen varierer i periodar. Slik vi vurderer det, vil framleis fisken kunne gå opp i bekkane eller gyte der bekkene renn ut i vatnet.»

Positive verknader:

Auka produksjon: Det er i søknaden oppgitt at regulering av Instebotnvatnet med 2 m reguleringshøgde gir ei produksjonsauke på 1,85 GWh. NVE kjem fram til ein produksjonsauke på 1,1 GWh. Ved kontroll og meir nøyaktig berekning av tilleggsproduksjonen basert på avrenningsdata for vassdraget får vi ca 1,5 GWh som auka produksjon.

Betre tryggleik for reservevassforsyning Vestnes Vassverk: Betring av tryggleiken for vassforsyninga er omtalt som ein positiv verknad for prosjektet. Vestnes Vassverk AL har etablert uttak for reservevassforsyning frå trykkkrøret ved innløpet til Sessselva kraftverk. Fullt magasin vil kunne gi ca 14 dagars tappekapasitet. NVE sluttar seg til at tiltaket har positiv effekt på vassforsyninga, men legg til at det gjeld relativt få husstandar. Vi stiller oss uforståande til dette. Vestnes Vassverk AL forsyner husstandar med ca 3200 personar med vatn, og dekker med dette alle sentrale deler av Vestnes. Dette omfattar privathusstandar, institusjonar og sløkkevatn for brann. I tillegg forsyner vassverket landbruket i same området. Uttaket for reservevassforsyning er difor viktig for svært mange sett frå eit lokalt synspunkt. Sjå vedlagt uttale frå Vestnes Vassverk AL – vedlegg 2.

Færre start/stopp ved kraftverket: Ei regulering av Instebotnvatnet vil medføre færre start/stopp ved kraftverket. Dette er sjølvstøtt positivt for drifta av kraftverket og det biologiske miljøet i elva nedstrøms stasjonen. Ca 300 m nedstrøms utløpet frå kraftstasjonen ligg det eit setjefiskanlegg med inntak av vatn frå Sessselva. Det må understrekast at ei jamnare vassføring i Sessselva – med mindre start/stopp i kraftverket, er positivt setjefiskanlegget .



Straumforsyning i underskotsområde: Sesselva kraftverk produserer straum i eit underskotsområde og all produksjon er med på å redusere nettap i lågvassperiodar. Denne produksjonen vil også ha positiv verknad på lokalt nettselskap sine kostnader frå overliggjande nett. Sjå uttale frå nettselskapet Nordvest Nett AS, vedlegg 3.

Oppsummert:

Vi meiner NVE i sine vurderingar har tillagt dei negative konsekvensane av ei regulering av Instebotnvatnet stor vekt og tilsvarande har undervurdert dei positive verknadene prosjektet vil ha for Sesskraft AS og samfunnet elles. Som fylgje av dette ber vi om at vedtaket vert gjort om. Vi tillet oss også å påpeike at det frå NVE ved fleire høve er oppmoda om å søkje om reguleringar i allereie utbygde vassdrag, for å auke og jamne ut produksjonen. På denne måten får allereie gjennomførte inngrep større verdi for eigarar og samfunn.

Med venleg helsing
For Sesskraft AS

Bystøl AS



Agnar Fosse

Referansar:

/1/ Instebotnvatnet som reguleringsmagasin for Sesselva Kraftverk i Vestnes kommune i Møre og Romsdal. Biologiske verdiar kring vatnet og ved terskelen i samband med ei planlagd regulering. Bioreg AS Rapport 2017 : 02

Vedlegg.

1. E-postkorrespondanse ved utsett frist for grunngjeving for klage.
2. Notat frå Vestnes Vassverk AL.
3. Notat frå Nordvest Nett AS

Vedlegg 1

Fra: Rune Moe <rmo@nve.no>

Sendt: 16. mai 2019 10:16

Til: Agnar Fosse <Agnar@bystol.no>

Kopi: Geir Sætre <geir.satre@norpost.net>

Emne: Instebotnvatnet - NVE gir utsatt frist på innholdet i klagen til 29. mai 2019.

Vi viser til mottatt klage den 15.05.2019 på NVEs vedtak av 26.04.2019 om avslag til regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune.

NVE journalfører vedtaket som påklaget, og **innvilger herved utsatt frist på innholdet i klagen til 29. mai 2019.**

Med hilsen,

Rune Moe

overingeniør

Konsesjonsavdelingen

Seksjon for ny vannkraft

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 2295 9595 eller direkte: 2295 9315

E-post: nve@nve.no eller direkte rmo@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Agnar Fosse [<mailto:Agnar@bystol.no>]

Sendt: onsdag 15. mai 2019 11:53

Til: Rune Moe <rmo@nve.no>; NVE <NVE@nve.no>

Kopi: Geir Sætre <geir.satre@norpost.net>

Emne: Instebotnvatnet - klage på vedtak om regulering.

Hei!

Vi viser til vedtak, datert 26.04.2019, med avslag på søknad om regulering av Instebotnvatnet i Vestnes kommune. På vegne av Sesskraft AS vil vi med dette fremme klage på vedtaket. For utfyllende grunngjeving for klagen ber vi om forlenga frist til 29.05.2019. Vi ber om rask tilbakemelding på spørsmålet om forlenga frist.

Mvh

Bystøl AS

Agnar Fosse

Vedlegg 2 – Uttale Vestnes Vassverk SA

VESTNES VASSVERK SA

KRÅKNESVEGEN 1

6390 VESTNES

TLF. 71 18 03 11
MOB. 90 86 94 30
EPOST vestnes@vassverk.net
BANK 4056 07 01340
ORG.NR. 964239665
POST PB 211, 6399 Vestnes

SESSKRAFT AS
6392 VIKEBUKT

Vestnes 13.05.2019

VEDR. NØDVANNSFORSYNING / OPPDEMNING AV INSTEBOTNVATN

Vestnes Vassverk SA er pålagt av Mattilsynet å ha nødvannsforsyning, i tilfelle problemer med vår hovedforsyning fra Sprovsvatnet.

Slik nødvannsforsyning er i dag etablert med uttak rett før kraftstasjon til Sesskraft på Sætre, Daugstad.

Sist vinter, med en lang kuldeperiode, så vi med all tydelighet at det ikke var kapasitet til å ta ut vann til vårt bruk her.

Det er svært viktig for Vestnes Vassverk å ha stabil vanntilførsel, både på hovedforsyning og nødforsyning, hele året.

Vi er derfor positive til alle tiltak som kan føre til en mer stabil vanntilførsel i kulde/tørkeperioder.

Ut over styrket nødvannsforsyning, har Vestnes Vassverk SA ikke vurdert andre konsekvenser av tiltaket.

Med vennlig hilsen

VESTNES VASSVERK SA


Øystein Søråas

Styreleder

Vedlegg 3 – Uttale Nordvestnett.

Fra: Stein Bergheim [<mailto:Stein.Bergheim@nvn.no>]

Sendt: 6. mai 2019 11:15

Til: 'ola.krogstad@mimer.no'

Kopi: Leif Johann Wenaas; Runar Stette

Emne: SV: Sesskraft

Hei

Dersom den omsøkte reguleringen kan øke produksjonen og leveringene inn på vårt nett på vinteren, vil dette kunne redusere våre nettap, samtidig som det vil ha positiv innvirkning på våre kostnader fra overliggende nett.

Med vennlig hilsen
Nordvest Nett AS

Stein Bergheim
Adm. direktør

Telefon: 91523055/70273513

